

Dei som møtte: Lars Bjarne Linneflaatten, Magnus Heian, Torstein Lie, Åsne Fineid, May Britt Michelsen og Gaute Holtung

J.før referat frå møte 4 des. 2018 . Invitasjon av valkomiteen i VSG, Preben Fossaas, Morten Ueland og Jon Karlstad. Alle møtte.

Referat frå styremøte i Vestfold sau og geit 16. januar 2019

1/19 Innkalling og sakliste godkjent.

2/19 Innkommen post og referat

- **NSGs årsmøte 2019 blir på Best Western Oslo Airport Hotell, Gardermoen 13. og 14. mars.**

I NSGs lagslover §8 står følgende:

«Rett til å reise saker for årsmøtet har styret i NSG, representantskapet og fylkeslaga. Saker frå lokallaga må ha tilråding gjennom fylkeslag.

Saker som skal handsamast av årsmøtet må vere kome styret i hende innan 8 veker før årsmøtet.»

Frist for å sende saker til styret i NSG er i 2019 da onsdag 16. januar.

Det er sendt varsel til NSG om komande innspel frå Vestfold Sau og Geit. Innspelet omhandlar oppnemning av råd og utval.

VSG ser behov for eit økonomisk /jordbrukspolitisk rådgjevande utval etter mal frå økonomiutvalet i Bondelaget.

Torstein Lie ser på dette og kjem med eit forslag som kan sendes NSG innan fristen 10 februar.

- **Demonstrasjon i Oslo 8 januar**

God oppslutning frå Vestfold. Ca 90 stk. Torstein Lie var med i arrangementskomiteen. VSG deltok i ein garanti for underskot, og må dekke sin del med kr 775,- Tek med litt i årsmeldinga for 2018.

3/19 Planlegging av årsmøte 2019 og skriving av årsmelding for 2018

Tid og stad: Nortura Tønsberg 13 februar 19:00- 22:00 (endra)

Servering: Pinnekjøtt. Lars Bjarne bestiller.

Premiering: Lars Bjarne bestiller premier til beste kåra lam. I år 2 stk.

Rekneskap: Gjennomgått. Tas inn i årsmeldinga.

Budsjett: Gjennomgått. Tas med i årsmeldinga.

Årsmelding: Utkast til årsmelding deles ut på møte.

4/19 Planlegge/ansvarsfordeling Jubileumsfesten.

Tid: 25-26 oktober 2019

Stad: Åsgårstrand Hotel

- Tidsplan: 09:00-13:00 Avslutning med lunsj
- Jubileumsskrift: Gaute Holtung tek på seg å utforme/skrive for dei siste 10 åra.
- Toastmaster: Forslag Tor G Birkeland. Lars Bjarne Linneflaatten spør.
- Invitere Norsk sau og geit
- Foredragshaldar: Ole Arnfinn Røysland. Torhild tek kontakt og forspør om 3x45 min.
- Alternativt foredrag for ledsagere: Annemor Sundbø. Preben tek kontakt og avklarar tilgjengelegheit og pris.
- Alternativt foredrag for ledsagere: Skinnfelltrykk. Torhild avklarar pris og tilgjengelegheit med Inger Kristin Myhren
- Æresbevisningar, forslag: Kollegial opptreden blant sauebønder. "håndstrekningssprisen"

5/16 Oppfølging frå sist møte

- Husdyrmøte (referansegruppe husdyr)Jordbrukstingingane
 - Gras i sone 1.
 - Husdyrtilskudd
 - o Ved reduksjon i husdyrtilskuddet med 1 %. Konsekvens: Brudd
 - o Reduksjon , alle dyreslag behandlast likt
 - Småskiftetillegg – mindre drivverdige arealer må klassifiserast deretter.
 - Utmarksbeitetilskot må inkludere dyrka areal i "midten"
 - Tilskudd til bratt terreng RMP- midlar samt andre tilskot.
- Arbeide meir politisk ?
 - Innspel til årsmøte i NSG: oppnevning av økonomisk råd og utval
 - Invitere topp-politikarar for å drive politisk påverknad. Lobby !! Langsiktig arbeid.

- Politisk arbeid- fast punkt på saklista til Vestfold sau og geit.
- Ha eit utstrakt samarbeid med faglaga. Det gjeld under jordbrukstingingane. Drøvtyggarar-store/små.
- Ulike tilskotsordningar som er vanskeleg å skjøne. Bevisstgjere medlemmane
- Samarbeid med faglaga for å få meir gjennomslag.
- Markvandring til sumaren. – God grovfôrdyrking. Sett inn i arbeidsplan.
- Sauekjøtt til sjukeheimar. På same måte som Nord-Norge. Sal privat av sau slakta på Nortura SA. Tas opp på neste møte
- Slakting på skular for å marknadsføre sau og lammekjøtt. Tas opp på eit seinare møte.

6/19 Eventuelt

Innspel til årsmøte i VSG.

Forslag frå Terje Gjersøe: Kurt Evje hadde eit likelydende forslag.

Organisert gjeterhundtrening via VSG er for tiden fraværende, det avholdes kun ett fylkesmesterskap. I privat regi er det opprettet en egen gruppe som trener og holder kurs. I den forbindelse ønskes det økonomisk støtte til å opprettholde denne gruppa, enten i forbindelse med kurs som holdes eller delfinansiering for leie av sted og sau. For å kunne delta på gjeterhundprøver må man være medlem i NSG, dvs disse betaler kontigent til VSG uten å få noe tilbake. Så lenge det ikke er annen aktivitet via VSG er forslaget en sum på kr. 5.000,- pr. år. og at utgiftene må dokumenteres.

Vedtak: Legg inn 5000,- i budsjettet fast. Samrøystes.

Prinsippdiskusjon. Kva skal Vestfold Sau og Geit yte ?

Innspel frå Kurt Evje

Alle tilbud til småfebonden i Vestfold er positivt å drive med for VSG. Dilemmaet oppstår i det øyeblikk tilbudet ikkje kan nå ut til alle. Det være pga kapasitetsproblemer.

Fostertelling er eit slikt eksempel. Problemet er at VSG manglar verkemiddel når fostertellaren velger å takke nei til grupper og enkeltpersonar.

Skal forstetelling likevel være eit tilbud VSG yter. Nei svarte alle i styret utanom Torstein Lie. Fleirtalet i styret ynskjer å være hjelpsame med å få ut informasjon. Utover det er fostertelling eit tiltak sam avtalast mellom fosterleller og bonde.

Vestfold Sau og Geit

